

## EIT LANGT ARBEIDSLIV

Karl Olaf Jørgensen

Dette portrettintervjuet med ei da gammel dame sto på trykk i Fædrelandvennen for nesten hundre år siden, 5/6 1928. Hun var eldst i en søskenflokk på 6, født på bnr 2 under gården Grønnevoll i Randesund.


Hennes minner fra et langt liv kan fortelle noe om hvordan det var å leve i Høvåg for nesten 200 år siden. Det foreligger ikke opplysninger om hvem som laget intervjuet. Der det har vært naturlig og mulig, har jeg lagt til (tekst i kursiv) mer presise opplysninger om personer hun omtaler. Språket fra avisen er ikke endret. God fornøyelse.

## EIT LANGT ARBEIDSLIV.

**Den 92 årige Cicile Marie Grønvold fortel fraa ungdomstida si. – Daa kvinnene rodde makrell til byen. - På et skjer i Stanggabet. - «Dødsseilaren» fraa Ramsøysund.**

Cecilie Marie Thorkildsen, enke etter myllaren paa Kongsgaard Endre Thorkildsen, fylte 93 aar 28. mai. Ho er fødd på Grønnevoll i Høvaag. Ja, no er Grønnevoll i Randesund. Men Cecilie har kje budd stort i det nye heradet, og ho er langt eldre enn den nye soknegrensa over Randvikheia.. Foreldra hennar heitte Tomas Olsen og Elen Sørine.

*Familien finnes omtalt i Bygdebok for Randesund, s. 298:*



Gamle Cecile bur no hos einaste son sin paa Vennesla (*Oscar Emil Endresen / Lund, f. 1877, g. 1898 med Anna Thorsen, 7(5) barn, til Vennesla før 1900*). Eg gjer meg Ærend inn til henne og vil vite um ho hev noko aa fortelje fraa gamle dagar. Naar ein ikkje reknar at ho fekk ei forkjøling no nyss, har ho ei god helse. Ho tok ein tur til byen for to aar sidan, no i sumar vil ho til Mosbø til slektningar der. Ho høyrer merkeleg godt til aa vere so langt i det 5te tjuge (*dvs 4 x 20 + 13 år*), og ho les avisen kvar dag. Det er «Fædrelandsvennen» ho held seg til. Men no har han skapa seg til med denne stygge «latinene» (*dvs. latinske skrift i stedet for gotisk skrift*), so ho er ikkje blid paa han. «Han holdt seg skikkeleg lenge, men no er det snart ingenting eg kan lese».

Me kjem i prat um skulen ho gjekk. Ja, det var umgangsskule det, ruta gjekk til Vesterhus. Læraren heite Ola Danielsen.

*(Her er det behov for merknader. Jan Otto Pedersen har hjulpet til med å lese gamle kirkebøker. Ole Danielsen var født 19. januar 1824 på bnr 1 på gården Øygarden i Tveit. Døpt i Tveit, men konfirmert i Høvåg. Som liten flyttet han og to søstre med foreldrene til Snelledalen, nå bnr 3 under Erviga. Disse stedene er alle like ved gamle E-18 øst for IKEA. Der fikk Ole tre søsken til. I 1849/51 etter at foreldrene var døde, fikk han kjøpe bruket, men solgte ikke lenge etter til sin eldre søster Kari og hennes mann. Den litt yngre søstera Inger Marie giftet seg samme år og ble bosatt på Vesterhus og senere på bnr 3 på Frillestad. (Bd 3, s. 350). Hvor de to gjenlevende småsøsknene ble boende vet vi ikke. Selv reiste han til Holt på seminar for å bli lærer. Der giftet han seg i 1853 med Amalie Kristine Henrichsen f. 1832 fra Barbu. Noen måneder senere fikk de ei datter Amanda Emilie. Hun blir pleiebarn hos sin tante Anne g. Palmstrøm i Arendal (ft 1865), gifter seg i 1872 med Peder Martin Olsen fra Flosta og reiser til USA i 1893 med de 6 yngste barna. Men jeg har ikke funnet hva som skjedde med Oles kone Amalie Kristine).*

«Han kom av dage paa en syndleg maate. Han var i bryllup til syster si i Stemmane. Der skulle han og kona ro over kvelden før brølluppet. Hossen det gjekk til, saa kantra praamen, og brøllupsgjestane stod der og ingenting kunne gjøre. Dei reiv endaa ei løe og skulde faa til bergingsgreier; men dei bleiv der begge to. Ja, det blei eit sørgeleg brøllup. Alette, kona til Paal Eidjord, var i brøllupet, saa det er visst henne som har fortalt meg det» (*Alette Olsdtr Mollestad, f. 1822, g 1862 m Paal Persen, bnr 2 på Eidjord, så 1868 med Anders Aanensen. Begge døde på Indre Årsnes, bnr 8 i 1900.*)

*Klokkerboka for Høvåg skrevet i sann tid forteller at Oles søster Rakel skulle gifte seg 11. november 1854 med Tellef Knutsen, f. 1826 på Mollestad, oppvokst på Svaland, til Høvåg 1844, bosatt på Stemmane som er bnr 19 under Trøe (Bd 1, s. 293). Prammen kantrert og Ole, hans yngste søster Andrea som var 18 år gammel og Jakob Aslaksen 24 år gammel fra Rosselia (men født på nabogården Melåen, se bd 2 s. 218) druknet dagen før, da de var på vei til brylluppet. Rakel døde barnløs i 1861, og Tellef giftet seg igjen året etter med Severine Andrea Jørgensdtr. fra Myrene under Åmland i Høvåg (Bd 3 s. 437). De finnes bosatt i Kr.sand ved senere folketellinger. Personene er ufullstendig omtalt i gårds- og slektshistorie for Høvåg.*

*Denne ulykka er også omtalt i Historielagets Småskrift nr 1, s. 8-9, der Nodeland forteller om lærer Danielsen:*

Knud Olsen Ribe var lærer omtrent et aars tid, nemlig i 1842, ogsaa i vestre Distrikt. Han hadde heller ingen lærerutdannelse, og hans lærerstilling var bare midlertidig.

Ole Danielsen var født i Snelledalen i Høvaag. Han blev ansatt straks han var konfirmert, til lærer i vestre distrikt (3.) i 1842. I 1843 gjennomgikk han et 4 ukers sangkurs i Kristiansand. Lederen av dette var sanginspektør Roverud. Denne mann reiste rundt og holdt sangkurser for voksne - særlig møtte lærere og prester fra landsbygden. - Prost K.O. Knudsen i Evje var ogsaa paa Roveruds kurs. Interessert var de begge. En gang holdt bare de to paa med sangen en hel time, mens de andre deltagerne blev staaende og høre paa dem.

I 1850 da ny regulering var gjort, overtok han et nytt distrikt, men med samme nummer 3. Ole Danielsen sluttet for en tid skolen i Høvaag og gjennomgikk Holt seminar. Saa kom han tilbake til sin forrige post, som han igjen forlot den 26/8 1857. Da var han blitt ansatt ved Dahlske skole i Grimstad.

Det skulde være bryllup i Danielsens familie, paa gaarden Stemmane, og Danielsen var innbudt. Denne reis blev hans siste. Da han skulde fare over Steinsvannet ved Stemmane, gikk farkosten under av en eller annen aarsak, og Danielsen og to andre yngre gutter druknet der. Man soknet likene op og la dem inn hos naboen, hvor de blev staaende inntil bryllupet var slutt. Denne tildragelse synes ikke aa ha gjort noget skaar i bryllupsgleden, for dansen gikk der likefullt med liv og lyst.

Merk at det er sprik i både årstall og personer, men Steinsvannet som er på grensa mellom Dønnestad i Tveit og gårdene Kornbrekke, Steindal og Trøe er sannsynlig sted for ulykka. Og Ole Danielsen var død flere år før Nodeland mener han kom tilbake som lærer.

Det var presten Fredriksen (*Jacob Frididrichsen f. 1784 i Tveit, d. 1864 i Lillesand, var sogneprest fra 1829 til 1862, mest kjent for sin «vanskelige» gotiske håndskrift*) med Moland som konfirmerte henne, fortel ho. «Ja, eg har slede og rodd møe på Fredriksen. Molendingane rodde han til Grisøya, og så henta me han der. Presteskyssen gjekk paa omgang. Naar de skulle til kjerke ifra Grønvoll rodde dei til Slaattane (*inne i Vesterhusfjorden*), gjekk så til Rauviga (*i Vålane, innerst i Årsneskilen, ved der det nylig er gjort arkeologiske utgravinger*) og rodde til Høvaag (*til Kirkebrygga*). Skulle dei saa ro presteskyss, var det aa faa ei sjekte paa Kvanneid og ro leia til Grisøya og tilbars. Me tarte ikkje ta ud saa svært tidleg, for han var alltid saa sein Fredriksen», segjer ho naar eg undrast um det ikkje var ein tolleg strid sundagsmorgon.

I tjugeaaarsalder tente ho hos Peder Andreas Faag (*f. 1806, d. 1889, enkemann f. 1865, 2 barn*) på Øvre Lund ved øvre Fergestad. (No segjer folk Nedre Lund endaa elva no som daa renn nedetter til Lahelle). Hos Faag var ho med og fiska laks, vassa i til livet og i elvemunningen og halte laksegarn. «Det var greie og snilde folk aa tjene hos», segjer ho, «men eg fekk saa lide mad, ellers hadde eg visst vore der lenger. Eg var der bare to aar.»

Ellers tjente ho i heimbygda (*folketellingen 1865, like før hennes far døde og gården ble overtatt av en av brødrene*) og saa til slutt hos Endre Thorkildsen, som ho blei gift med i 1875. (*han var f. 1824 i Vennesla, enkemann med 2 barn*) Ho blei enke i 1899. Dei budde lenge i Hesteheia. Og Cecilie var tidt aa se paa fisking i Tovdalsfjorden, helst tidleg um morgonen. Det hendte at ho gjekk ut klokka 1 um natta naar ho ikkje fekk sove.

Baade heime paa Grønvoll og hos broren i Dybedalen (*bnr. 4 under Hæstad, Knut Severin Thomassen f. 1844, d. 1924*) hadde ho sjau med aa ro makrell til byen. Det var bare laurdagane at dei gjekk til byen med storbaaten. Dei andre dagane maatte kvinnone ro. Fraa Grønvoll var det rimeleg veg, men naar dei skulde fraa Hæstad og Ulvøysund, ja heilt fraa Gamle Hellesund og Tronderøya, daa var det et slit. Og Sicilie har nok havt slitsame roturar ho og, mangein gong, i dei 10 aar ho rodde. «Me var tidt til byen, 2 ganger paa ein dag», fortel ho. «Ein dag minnes eg me var 3 ganger. Aasmund Eftevaag hadde faat han i noda, saa rodde me til byen klokka 7 om morraen. Daa me var i Stanggabet paa hjemvei kom dei inn med storbaadane. Garnmakrellen maatte me til byen me, og saa hadde Olaus faatt 100 sneis (*2 000 stk – kanskje nærmere 1 000 kg*) i noda um ettermiddagen. Me kom hjem til Grønvoll klokka 3 om natta.

Ei gang me hadde vore i byen blei det slikt uver. Som vel var kom storbaadane inn før uveret kom. Marie Eftevåg (*trolig Marie Olsdr. f. 1849*) var med meg til byen. Daa me skulle ud igjennom Stanggabet, dreiv me paa eit skjer. Ingen kunne komme til oss med baad. 5 mann maatte hale oss i tau op paa fjellpynten ved Buane. Me mista sjekta og alt»

Eg spør etter um ho minnest livsspille ved forlis derute, og minner henne um at to mann fraa Eidjord gjekk vekk ved Revsundane (*det er skjærene rett utenfor Sodefjed hytteområde. Det var brødrene Gunder og Søren Tobias Svendsen, 31 og 26 år gamle som omkom 1. november 1873. De er ufullstendig omtalt i bygdeboka Bd. 2, s 107 og 113.*). Jau, ho minnest det. Dei hadde vel vore inne eit ærend i Revsundane, og so har vel eit brot tatt dei daa dei skulle ut. Ein Knut Tullballen bleiv i Stanggabet. Bror hennar var med og kom iland med livet.

Ane Aarsnes (kona til Ola Endresen paa Indre Aarsnes) (*Anne Serine Olsdr. f. 1827, d. 1865, bosatt bnr 3*) var so flink til aa hjelpe folk i sjukdom, fortel ho. Sicilie var hos henne med guten sin, han hadde ringorm, og Ane gjorde han god med kvit smørelse ho fekk paa ei flaske. Um andre som Ane hadde lækt fortel ho: Tone Hæstad hadde ein giftsvull i nakken. I Gamle Hellesund hadde ei kone brystsvull, so dei kunde se heilt inn til hjarte. Ei fraa Lillesand gjekk lenge til Ane med ein vond fot. Ho gjorde dei gode alle. Ane hadde vore i 7 aar hos Valborg Valand og lært. (*Valborg f. 1812 var ei landskjent «klok kone» fra Valand med Mandal, omtalt en rekke steder fordi hun ble dømt for kvakksalveri i 1869. Hun døde i 1893*). Ho krevde ikkje løn for arbeidet sitt, berre betaling for medicinen. Sicilie tvilar ikkje paa Ane. Ho er toleg viss paa ho kunde meir enn dokterane no. Men dei hev den helsesterke kona med det gode humøret havt lite bruk for enno.

«Det var ikkje i mi tid, men Eftevaaggudane talte møte om bytegasten i Vasstranda. Men ein søndags morra skulde Torborg Vatne (*trolig Toborg Gundersdtr Bjørnstad f. 1792, g. 1836 til bnr 2 på Vatne*) til Eftevaag aa be til gjestebud. Daa saa ho bytegasten (*gjenferd etter en person som i levende live flyttet grensestein*). Ho fekk hjelpt han saa det har vore stilt i Vasstranda siden.

Men daa eg tjente i Bagerviga, var det ein dødsseiler paa Ramsøysund. Nils og Kristian og Lavrens (*tre av sønnene i til Kristen S. Kristiansen i Bagerviga, f. 1830, 1832 og 1836. Dette må ha skjedd før 1857, da Nils døde det året*) var paa Ramsøya ein søndag. Dei maatte gje seg til der om natta, for heile sundet sto i lys laue. Det var kje tale om å komme over»

\*

Gamle Cicilie kan ta ein roleg livskveld med godt samvit. Ho har gjort sitt arbeid, slete hardt og trutt. Det er kje slikt arbeid det staar rop av. Men naar ein ser det lille gamle menneske med den gode lyse smilen, maa ein minnest Wergelands ord: «Arbeidsmand og arbeidskvinde, hvilket herlig hædersnavn» - Maate dei aara ho har igjen aa leve ta varsamt paa henne. Gud signe livskvelden!

*Flakksvann, mars 2026.*



